

"DEI SJU DØDSSYNDENE" – i utvida versjon –

Brecht/Weill

Kjære publikum

Song- og danseframstillinga til 3. års studentane bachelor skodespelar er i år sett saman av "Dei sju dødssyndene" og åtte ekstra songar av Brecht og Weill. Urframføringa vart vist i Paris i 1933. Det var det siste verket som Brecht og Weill samarbeidde om. I denne versjonen er det gjort plass til fleire songar av Brecht/Weill - dette for å legge stoffet til rette for dei åtte studentane.

Det er ikkje dialog i Dei sju dødssyndene. Song og dans fortel historia om to søstrer, som begge heitte Anna, og som reiser ut i verda for å tene pengar til familien, so dei kan bygge seg eit hus. Anna reiser frå by til by i sju år, i eit halvt realistisk, halvt mytologisk Amerika. Familien - mor, far og to brør blir sunge av ein mannskvarsett. Dei følgjer reisa frå sidelinja. I vår versjon er også eit ludder og ei kabaretvertinne til stades.

Brecht og Weill sin bodskap var mellom anna å bryte ned gjengse oppfatningar av både estetikk og ide. Det som den gong vart rekna som finkultur sto i motsetnad til den populære songkulturen. Det som i kristen tradisjon vart kalla synd, jamvel "dødssynd", fekk eit anna forteikn i eit ungt industrialsamfunn der kapitalkreftene festa grepset, og der nazi-ideologien til Hitler viste dei første teikna på at målet han hadde heilaggjorde eitkvart middel.

Dei to Anna er eigentleg ikkje to, men ein person. Den eine Anna er praktisk og held hovudet kaldt. Den andre Anna handlar ut i frå kjensle. Dei kjem opp i situasjonar der reaksjonane - i første augnekast dydige - ville ha ruinert dei. Altså "dødssynd". Til grunn ligg tesen om at dyd/ synd ikkje er motsetnader.

Vi ønskjer publikum hjartelig velkomne til songar av det kjende og det meir ukjende slaget. Dei sju dødssyndene er ikkje oppført i Noreg før, anna enn i studie- samanhang.

Helsing frå instruktøren.

Kunsthøgskolen i Oslo
Fakultetet for scenekunst

**3. års studentane bachelor skodespelar
ønsker velkommen til**

**Song- og danseframstillinga
"Dei sju dødssyndene"
- i utvida versjon -**

Bertold Brecht og Kurt Weill

Scene 3

Speletider: Fredag 3.feb. kl 18:30, laurdag 4.feb. kl 16:00,
måndag 6.feb, tysdag 7.feb, onsdag 8.feb, torsdag 9.feb kl 18:30

Billettar: Tlf. 22 99 55 00

vår 2006